

Uavgjort for J17 jentene

03.06.2018



Lisa Jonetta og Amalie full konsentrasjon om å ta ballen fra en B/N spiller

Laurdag spelte J17 jentene til Rosendal/Uskedal bortekamp mot Bergen Nord (B/N) i Salhus. B/N ligg som nr. 2 og R/U som nr. 3 i serien så langt. Det vart ein velspelt kamp frå begge laga som skapte mange duellar på midtbana og framom mål. Tidleg i 2. omgang fekk B/N mål, men R/U kjempa seg inn i kampen igjen, men først på overtid klarte R/U og utlikne til 1-1.

Begge laga hadde sine gode sjansar i første omgang. For R/U var det vel Nora C. Sætrevik kom nærest med eit skot litt ut på høgre side, men målvakta fekk akkurat nok fingrar på ballen til å avverja mål. B/N klarte heller ikkje å få ballen i mål, så stillinga var 0-0 til pause.



Målscorer Marte Bøyum tar frispark

Det var svært varmt på Salhus med vel 30 grader, så det vart lagt inn ein ekstra pause i kaver omgang for inntak av drikke og kjapp korrigering om naudsynt.

I starten på 2. omgang får B/N mål etter bare 1,15 min spel til stillinga 1-0. R/U kom litt bakpå i ein periode, men som mange gonger før reiser laget seg igjen kjem godt inn i kampen igjen. R/U skapar fleire gode sjansar som med litt hell kunne blitt mål.

Ei av årsakene til at R/U ikkje får mål, kan nok skuldast at det var 6 nye spelarar med på laget frå Rosendal J14 som ikkje har hatt nok speletid saman til å bli godt nok samspelte med J17 jentene.

Fram mot ordinær speletid slutt, byrjar teamet på sidelinja å innsjå at det går mot tap i denne kampen. Klokka passerer 80 min. (speletida er 2x40), dommaren har lagt til 3 min. Etter 82 min sender Marte Bøyum eit skot frå 30-35 meter, ballen har god retning, målvakta får tak på ballen men er uheldig og mister ballen og den går over streken. Dommaren dømmer mål og stillinga er 1-1, som vart sluttresultatet i denne kampen.

Trenar Tor Gundersen seier det var ein utruleg herleg følelse når ein ser ballen går i mål på overtid og at laget klarar 1 poeng, følast mest som siger i denne kampen. Gundersen rettar stor takk til J14 jentene med trenar Håvard Sætrevik som nok ein kamp er med på å gjera det mogeleg for R/U J17 å stille lag.

Neste kamp for R/U J17 går i Rosendal laurdag 9. juni kl. 13. Motstandar er Åsane. Håper mange tar turen på Rosendal stadion for å heia på jentene. Velkommen på kamp!

Laget var i denne kampen samansett av 6 jenter frå R/U J17 og 6 jenter frå Rosendal J14.

Sara Enæs
Amalie H. Rød
Camilla M. Ripel
Emma Ø. Klette
Guro K. Leganger
Nora C. Sætrevik
Lisa Jonetta Ølvestveit
Marte Bøyum
Vilde Hjelmeland
Siri L. Furdal
Thea S. Taranger
Ingeborg S. Flatebø

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Ida Marie Eidsvik

Nett: Hans Ordin Østebø